

Til
Kulturdepartementet
postmottak@kud.dep.no

Steinkjer, 30.11.2020

Uttale til Statleg strategi for folkemusikk og folkedans

Styrk folkedansen og folkemusikken

Den lokale folkemusikken og folkedansen er særeigen. Derfor trengst den særskilt vern og styrking. I profesjonell omfang og utøving i det profesjonelle feltet kan den samanliknast med jazzen. Likevel er vårt felt svakare utbygd og ivaretatt av Staten. Klassisk musikk har store institusjonar i dei store byane og hundrevis av tilsette utøvarar med statleg støtte og profesjonelle administrasjonar.

No er det på tide at Staten også tar ansvaret sitt og styrkar den historisk særeigne tradisjonen som ein er åleine om å forvalte i verda. Ikkje fordi han er meir verdifull enn andre kulturuttrykk, men fordi ingen andre enn den rikaste staten i verda kan ta dette ansvaret det er å styrke uttrykka og miljøa som utøver denne kunstarten. Dette er også i tråd med internasjonale avtaler Noreg har slutta seg til.

Eit breitt løft må starte med å styrke den levande kulturarven i lokalmiljøa med lokale lag og organisasjonar som sjølve grunnmuren for å få fleire til å bli kjende med folkedansen og folkemusikken. Vi treng profesjonelle rollemodellar og gode ambassadørar som når heilt fram og opp, og vi treng breidda og dei lokale eldsjelene. Vi treng òg internasjonalt samarbeid, der vi har lange tradisjonar og ser behov i framtida. Kort sagt: eit heilt «økosystem» må leve og fungere i interaksjon med kvarandre.

Folkedansen og folkemusikken sin immaterielle karakter gjer desse kulturuttrykka særleg sårbare, og dei treng vern gjennom bruk. Staten har forplikta seg til vernarbeidet gjennom ratifiseringa av UNESCO sin konvensjon om immateriell kulturarv. Den slår fast at både

1. dansen og slåtten
2. det å danse å spele
3. dei som dansar og spelar
4. miljøet rundt

treng støtte for å styrkast. Dette betyr også at om det skal bli tilstrekkeleg kvalitet og kraft i det breie løftet, må folkemusikk- og folkedansfeltet synast på statsbudsjettet i ein heilt annan storleik enn det gjer i dag. Først da kan ein seie å ta på alvor ratifiseringa av UNESCO sin konvensjon om immateriell kulturarv.

For å få til det breie løftet, må staten bidra til å styrke heile feltet med å:

Auke tilskota

Enkle tilskotsordningar må styrke høve til

1. å planlegge jamn drift, faste øvingar og treffstader for dans og spel og oppleve folkedans og folkemusikk i lokalmiljøa.
2. Det trengs òg tilskot til dansefestar, ein arena som er særskild viktig for sjangeren vår. Der blir folkedansen og folkemusikken formidla vidare frå ein generasjon til neste. Eit mål må vere at desse igjen kan klare seg kommersielt igjen, men det er store kostnader ved å arrangere ein ordentleg fest – men det er likevel billig vern.

Allereie eksisterande ordningar kan enkelt styrkast. Dette gjeld først og fremst

1. Støtteordningane som Norsk senter for folkemusikk og folkedans forvaltar
2. Frifond
3. Vaksenopplæringsmidlar
4. Momskompensasjon
5. Kulturrådet sine ordningar
 - a. Stipendordningane for profesjonelle utøvarar må styrkast
 - b. Talet på folkekunststipend må aukast
6. Driftsstøtta til Noregs Ungdomslag og FolkOrg bør aukast. Desse hjelper dei lokale leikarringane og spelmannslaga

Sikre stabile strukturar nasjonalt og regionalt

Per i dag er folkemusikk- og folkedansfeltet lite institusjonalisert. For å gjere feltet sterkare treng ein å bygge ut profesjonelle strukturar i tillegg til dei frivillige strukturane. Profesjonelle strukturar både vil, bør og kan styrke både det frivillige og profesjonelle arbeidet i ein region.

Dei nasjonale aktørane

Nasjonale strukturar og aktørar må styrkast. På nasjonalt nivå er det nødvendig med sterke aktørar som talar feltet si sak, står for nasjonale prosjekt, og har overblikk over heilskapen. Dei bør ha roller som koordinatorar for fagfelleskapet på tvers av regionane. Dette gjeld først og fremst institusjonar som Norsk Senter for folkemusikk og folkedans og Riksscena i tillegg til organisasjonane Noregs Ungdomslag og FolkOrg.

Regionale senter

Det trengs sterke regionale folkedans- og folkemusikksenter over heile landet som kan arbeide saman med nasjonale aktørar. Eit komplekst felt treng å samhandle for å få utnytta kapasiteten. Sentra må ha ressursar for å bidra til produksjon av nye konsertar og framsyningar, og legge turnear i sin region med frilans folkemusikarar og folkedansarar. Dette for å kunne formidle kulturarven, gi gode opplevingar, jobbar til utøvarane, rekruttere til sjangeren og lære folkedansen og folkemusikken vidare til fleire. Sentra må ha fagtilsette innan både folkedans og folkemusikk for å kunne koordinere og skape synergieffektar mellom laga og tradisjonsutøvarane lokalt, dei profesjonelle, arrangørledda, museum, arkiv og skulesektor. Vi treng ei auka synleggjering lokalt, og fleire eigna lokale. Sentra må bygge på allereie etablerte tilgjengelege ressursar og miljø.

Det trengs mange og gode arrangement. Det trengs midlar til å stimulere at det veks fram fleire små og store arrangørar, og utvikle dei som er. Ein må styrke arrangør-støtteordninga i Kulturrådet og sørge for at dei forstår eigenarten til sjangeren, der dans og musikk heng tett saman. Regionale

folkedans- og folkemusikksenter kan være med å styrke arrangørleddet, både med å bygge kompetanse og legge rammer for effektive turnear som er enkle å ta imot utan for stor økonomisk risiko for små arrangørar.

Folkemusikkfestivalar må opp på same støttenivå som festivalar innanfor jazz og klassisk. Det er historiske årsakar til at folkemusikkfestivalane er mindre (dei kom seinare i gang). No er det på tide at dei store folkemusikkfestivalane får like mange ressursar som dei store klassisk- og jazzfestivalane.

Feltet si kjerne baserer seg på munnleg tradering. Derfor er dei unike arkivkjeldene vi har svært viktige. Det må leggest til rette for å ta vare på og bygge opp fagleg kompetanse ved arkiva. For arkivfeltet må infrastrukturen styrkast. Staten må sørge for at fagsystem/-katalogsystem, digitalisering av arkiva og teknologi for formidling kjem på plass. Det må òg gjevast støtte til samtidsdokumentasjon. Det er viktig at arkiva har ressursar til å formidle.

Når ein no altså bør bygge ut feltet regionalt, *må* det skje i samforståing og samarbeid med det frivillige feltet, slik at også det kan styrkast samtidig. Slik kan ein også oppfylle intensjonane i konvensjonen for vern av immateriell kulturarv. Sidan folkemusikk og folkedans er uttrykk som lever i spennet mellom det profesjonelle og frivillige feltet, bør også eksisterande og nye senter arbeide i dette spennet. Her skil vår sjanger seg frå andre profesjonelle musikksjangrar. Derfor er det viktig å samarbeide med andre profesjonelle musikk og dansemiljø, men utan å slå saman senter.

Oppsummert; ein bør altså bygge opp regionale senter som inneheld

1. Fagleg(e) stillingar som kan hjelpe og støtte frivillige lag og foreningar, men også profesjonelle utøvarar
2. Som har tilsett utøvarar både på dans og musikk innan sjangeren – gjerne på åremål
3. Som har tilsett produsentar som kan sette opp profesjonelle forestillingar og legge turnear i samarbeid med miljø i heile regionen
4. Management som kan hjelpe profesjonelle utøvarar å visast nasjonalt og internasjonalt
5. Arkivdrift – både for å samle, katalogisere, ta vare på og formidle kjeldene
6. Dette må støttast og koordinerast av ein beskjeden administrasjon som står for leiging og økonomistyring

Få utdanningssystemet med på ivaretakinga av kulturarven

For at folkemusikken og folkedansen skal kunne eksistere i framtida, er utdanning staten sitt sterkaste kort. Frivillige lag og tradisjonsutøvarar har også her ei viktig rolle som samarbeids-partar.

Kunnskapsdepartementet må på banen i samspel med Kulturdepartementet. For å sikre rekruttering og kjennskap til tradisjonane, trengs det gode høve til å lære – i barnehage og kulturskole, men òg i grunnskole og vidaregåande og høgre opplæring – heilt opp til doktorgradar og postdoktorstillingar. Det første vi må få på plass er ei utdanning i scenisk folkedans ved Universitetet i Sør-aust Noreg. Det er viktig at kunnskapen blir pedagogisk tilrettelagt for digitale og meir tradisjonelle læremiddel og publikasjonar på alle nivå. Dagens læremiddel er utdaterte. Dokumentasjon og forskning må styrkast.

For Stiftinga Hilmar Alexandersen

Turid Hofstad
Styreleiar


Johan Einar Bjerke
Dagleg leiar